

Nou 2020: 15 Det handler om Norge

Høyringsvar frå Lund og Suldal Venstre

Basistilboda innan infrastruktur må vere på plass for vidare utvikling for kommunar som Lund og Suldal.. Me treng både trygge og effektive kommunikasjonar anten det er på veg eller på fjord, breidband/fiber og stabil mobildekning, og ein infrastruktur som møter elektrifisering av kjøretøy.

I tillegg ønskjer me å spele inn følgjande:

Kap 3 – Distriktpolitiske verkemiddel og politikk for distrikta

Differensiert arbeidsgjevaravgift i forhold til sentraliseringsfaktor.

Kap 8 – Utdanningssystemet og tilgang på kompetanse.

Kompetanse er ei av bremsene for utvikling av næringslivet. Tilgang på kompetanse er ei utfordring, og det er viktig å leggje til rette for desentralisert utdanning som er peika på fleire stader. Det siste året med med Covid 19 har vist at ein i større grad kan digitalisere læring og utdanning. Ein bør styrke ordningane, også finansielt, for desentralisert undervisning for både offentleg og privat sektor, og gjere det mogleg for fleire å formalisere og styrke eigen kompetanse. Dette gjeld også for vidare- og etterutdanning.

Ei ordning med nedskriving av studielån knytta til arbeidstakarar i kommunar med låg sentralitet vil også vera ei god ordning..

Eit nytt innspel rundt å styrke kompetanse i distriktet, og som ikkje er nemnt i utvalet sin rapport, er å etablere traineeordningar. Konkret vil me dermed foreslå eit innspel om at for å vere meir attraktiv for personar med høgare utdanning og for å stimulere rekruttering av kompetanse til distriktskommunar, bør ein vurdere å etablere traineeordningar som reduserer studielån for nyutdanna med høgare utdanning i kommunar med sentralitet 6, og at ein kan stimulere desse kommunane til å etablere slike ordningar. Traineeordningar har mange stader vist seg å vere positiv for tilflytting og for styrking av kompetanse og arbeidskraft i distriktskommunar.

Kapittel 7 – Bustadmarknaden i distrikta

Innspel om å gjere det meir attraktivt å byggje og eige ein bustad i distriktskommunar, der byggjekostnadane ofte har ein større verdi ein marknadsverdien om og når ein skal selje. Dette medfører for mange ein stor økonomisk risiko. Det gjeld for så vidt det same for næringsbygg, der marknadssvikten som er i distriktskommunane ikkje stimulerer til utvikling og store satsingar. Ein bør kunne vurdere eit skattesystem som gjer det meir attraktivt å både eige bustader og næringsbygg i kommunar med låg sentralitet.

Det er på tide med nytenking i distriktpolitikken. Derfor hadde det vore interessant å kunna bli med som prøve/pilotkommunar innan eit eller fleire spennande tema:

- forsøk med gratis barnehage og SFO for å auka familieetablering i og tilflytting til distriktskommunar*
- forsøk med begrensa førarkort for 16-åringar for å gjera ungdom i distrikta meir mobile*
- forsøk med skattefritak for å stimulera marknaden for utleigebustader i distrikta*
- forsøk med saneringsstøtte for å motvirka fysisk forslumming*
- forsøk med fleire desentraliserte einingar i statleg verksemd for å auka den statlege sysselsettinga i distrikta*

Med helsing

Lund Venstre og Suldal Venstre